

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	15.06.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	16/1564	17/7349

Samarbeidsavtale Bergen Reiselivslag og kommunane i Region Nordhordland

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunestyret i Radøy gjorde 27. oktober 2016 vedtak om å melda kommunen inn i Region Bergen Reiseliv, under føresetnad av at endeleg samarbeidsavtale blir godkjend.

Kommunestyret sa seg positivt innstilt til forretningsplanen for å styrka reiselivssatsinga i Nordhordland, og at planen skal vera grunnlaget for ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og kommunane i Nordhordland.

No er endeleg samarbeidsavtale klar til godkjenning. Avtalen gjeld fram til 31.12 2019, og deretter for eitt år om gongen. Etter at kommunane Lindås, Meland og Radøy går saman til ein kommune, vil den nye kommunen fortsetja som eitt medlem i Bergen Reiselivslag.

Bergen Reiselivslag har i samarbeid med Nordhordland Utviklingsselskap IKS og Nordhordland Næringslag utarbeidd framlegg til ein Forretningsmodell for ein ny regional reisemålsorganisasjon med arbeidsnamn "Nye Bergen Reiselivslag". Forretningsmodellen er grunnlaget for samarbeidsavtalen.

Framlegget til Forretningsmodell byggjer på nokre føresetnader som er felles for partane:

- Samarbeidet i " Nye Bergen Reiselivslag" styrkjer reiselivsnæringa i regionen ved at ressursane i den nye organisasjonen går med til å styrkja reiselivsnæringa i *heile regionen/Region Bergen*.
- Kommunane i Region Nordhordland; Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, og Radøy bidreg varig med økonomisk tilskot og med ressursar i etableringsfasen, jf kapittel 6, økonomiske forhold.
- Bergen Reiselivslag må vidareføra og styrka samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og Nordhordland Utviklingsselskap og sikra tydeleg nærvær lokalt.

Kommunane i Nordhordland sitt økonomiske bidrag til reiselivslaget vert rekna ut frå ein fastsett kronesum per innbyggjar i kommunane, kr 18 i 2017, og justert årleg baksert på konsumprisindeksen.

Kommunane i Vest og i Nordhordland har rett til eit styremedlem med personleg varamedlem til styret i «Nye Bergen Reiselivslag». Desse vart valt for to år om gongen og alternerer mellom dei to regionane.

Vurdering

Målet med ein større organisatorisk region er å oppnå ein sterkare posisjon nasjonalt og internasjonalt. Målet er vidare å gjennomføra tiltak som kan gje større effekt av det vi alt gjer, samt gje regionen auka ressursar i form av økonomi, kapasitet og kompetanse som gjer oss betre i stand til

å konkurrera på like vilkår med andre regionar.

Det er rådmannen si vurdering at samarbeidsavtalen til den nye organisasjonen, "Nye Bergen Reiselivslag", er eit godt grunnlag for å styrka omdømme, bærekraft og lønsemd for reiselivsbedriftene.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune godkjenner framlegg til samarbeidsavtale mellom Bergen Reiselivslag og kommunane i Region Nordhordland.

Kommunestyret i Radøy - 025/2017

KS - handsaming:

Silje Namtvedt (Sp) gav uttrykk for at ho meiner det har gått for lang tid å få samarbeidsavtalen i hamn. Ho har så langt ikkje funne noko frå Nordhordland på Bergen reiselivslag sine heimesider. Namtvedt meiner næringshagen i Austrheim burde ha vore trekt med i arbeidet med å utarbeida forretningsmodell.

Dagleg leiar Rune Heradstveit i Nordhordland Utviklingsselskap IKS peika på ulike årsaker til at det har tatt tid å få samarbeidsavtalen ferdig, mellom anna at Osterøy har sagt nei til å vera med. Han viste til at Bergen reiselivslag er godt igang med å utarbeida brosjyrematriale som også omfattar Nordhordland.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

KS - vedtak:

Radøy kommune godkjenner framlegg til samarbeidsavtale mellom Bergen Reiselivslag og kommunane i Region Nordhordland.

Vedlegg:

Samarbeidsavtale mellom Region Nordhordland og Bergen Reiselivslag - rev 24. mai 2017

Medlemskap i Region Bergen Reiseliv (L)(105670)

Forretningsmodell - Reiseliv - organisering RegionBergen_2016 (L)(96241)